

## **Statusrapport Handlingsprogram for Museumsplanen 2014**

Hovudinndelinga i museumsplanen er etter musea sine kjerneområde – fornying, forvaltning, forskning og formidling, slik dei også vert presentert i den statlege museumsmeldinga *Framtidas museum*. Det enkelte kjerneområde er inndelt i underområde med eit eller fleire delmål. Fylkeskommunen samarbeider med fleire aktørar for at måla skal bli nådd.

Museumsplanen hadde i utgangspunktet 46 tiltak. Desse vart redusert til 37 i 2014, (Fylkestingets handsaming av handlingsprogrammet 2014, PS 6/2014), ved at tiltak vart slått saman, tiltaket var gjennomført eller at tiltaket ikkje var klar for realisering i løpet av planperioden. Åtte av tiltaka har etter rulleringa status som særleg prioriterte:

*Tiltak 1 Finansiering - drift og investeringar*

*Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum*

*Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum*

*Tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern*

*Tiltak 36 Etablering av hardingfelesenter*

*Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning*

*Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea*

*Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten*

### **Måloppnåing**

I 2014 vart det løyvd 2,1 millionar kroner til å følgje opp museumsplanen. Av desse midlane vart det gitt løyvingar til dei prioriterte tiltaka *1 finansiering – drift og investeringar*, *tiltak 5 styrking av regionale ansvarsmuseum*, *tiltak 8 styrking av tematiske ansvarsmuseum* og *tiltak 32 felles plan for samlingsforvaltning*. Til saman gjekk 1 550 000 kroner av museumsplanmidlane - nær 74 prosent, til dei prioriterte tiltaka.

Ei stor og omfattande satsing er arbeidet med felles plan for samlingsforvaltning. Her vart det løyvd museumsplanmidlar i 2013 og 2014. Prosjektlear har arbeidsstad ved Bevaringstenestene, og har i løpet av 2014 gjennomført to fellessamlingar med musea. Prosjektlear har og hatt møte med den einsskilte institusjon for å få meir utfyllande informasjon og kartleggje behov. I tillegg har det vore eit møte med tema kulturlandskap. Desse aktivitetane sikrar at musea får eigarskap til planen. Museumsansvarleg i Hordaland fylkeskommune deltok på desse møta. Eit delprosjekt i arbeidet med samlingsforvaltingsplanen er registreringsarbeid for samlingane i Nordhordland. Dette prosjektet var ferdigstilt hausten 2014.

Midlane til *tiltak 1 – finansiering og drift* gjekk til sikringstiltak (brann, tjuveri og klima), vedlikehald av Sæbøtunet og inventar Håkonshallen.

Gjennom løyvingar til *tiltak 5 – styrking av regionale ansvarsmuseum* har museumsplanmidlane støtta opp under prosessar som kan føre til samarbeidsavtaler mellom kommunale museum og konsoliderte museum og til utarbeiding av samarbeidsmodellar.

Løyvinga til *tiltak 8 – styrking av tematiske ansvarsmuseum* i 2014 sikra at alle dei tre tematiske ansvarsmusea – KODE, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum og Baroniet Rosendal har fått midlar til utgreiing av rolle og oppgåver.

For dei andre prioriterte tiltaka er status følgjande:

Til *tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern* vart det løyvd 600 000 kroner i tillegg til museumsplanmidlane. Desse midlane går til bygningsvernkonsulentar ved dei regionale ansvarsmusea. Ordninga med finansiering av slike stillingar mellom fylkeskommunen og kommunane starta på 1990-talet, og har vore eit førebilete for resten av landet. Bygningsvernkonsulentane har oppgåver knytt til rådgjeving og kompetanseoppbygging i kommunane, og er bindeledd mellom museum, frivillige og kommunar. I den fylkeskommunale satsinga med kulturminneplanar i kommunane har bygningsvernkonsulentane ei viktig rolle. Ein har fast tilsette bygningsvernkonsulentar ved Sunnhordland museum, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland og Hardanger og Voss museum.

Museum Vest og Sunnhordland museum har gjennom løyvinga knytt til tiltak 14 tilsett bygningsvernkonsulentar i prosjektstillingar. Ein arbeider no for at desse vert faste stillingar.

*Tiltak 36 Etablering av hardingfelesenter.* Dette tiltaket fekk museumsplanmidlar i 2013.

*Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea.* I mars vart det gjennomført møte mellom musea og Universitetet om forskning. Bymuseet i Bergen var arrangør i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Planlegging av møte starta i 2013 med utgangspunkt i museumsplanmidlar for 2013.

*Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten.* Dette tiltaket fekk museumsplanmidlar i 2012 og 2013. Bergens Sjøfartsmuseum har gjennomført vandring i Bergen med fokus på marinarkeologi. Bymuseet i Bergen har fått løyving til fokus på medisinsk historie. Bruddutstillinga 2014 var eit samarbeid mellom Bymuseet og Museum Vest. Utstillinga vart vist i området Lille Lungegårdsvann, med delfinansiering frå museumsplanmidlane. Denne utstillinga viser på ein sær god måte korleis musea kan ta opp vanskelege tema og gjere dei tilgjengelege for eit større publikum. Utstillinga har seinare vore vist i Frankrike, som del av samarbeidet med Basse-Normandie.

## Kjerneområde Fornying

Musea i Hordaland har store økonomiske utfordringar både når det gjeld drift og investeringar. Det er avgjerande at situasjonen vert vesentleg betra i planperioden. Ei prioritering av auka driftsmidlar er ein føresetnad for at musea kan utføre samfunnsoppdraget. Auka fokus på samfunnet ikring vil også synleggjere musea si verksemd og såleis auke publikumstalet og eigeninntekter.

### Økonomi

*Delmål Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag*

Tiltak 1 Finansiering – drift og investeringar	Status
Dette er eit prioritert tiltak i Museumsplanen. Betring i musea sine økonomiske rammer er ein føresetnad for at dei nasjonale og regionale måla i museumspolitikken vert nådd. Musea melde for perioden 2012-2015 om eit omfattande behov for auka driftsmidlar. Det samla behovet for investeringsmidlar er også monaleg stort.	Indeksregulert justering i budsjett for 2014
	Museumsplanmidlar for 2014: 600 000 kr
	Av desse:
	Sikringstiltak: 384 325 kr
	Opprusting Sæbøtunet, Sunnhordland museum: 65 675 kr
	Inventar Håkonshallen, Bymuseet: 150 000 kr
	Budsjettauke i 2014 på nær 2,1 mill. kr. Samla driftstilskot frå fylkeskommunen er på 46,05 mill. kr. I tillegg kjem 600 000 kr øyremarka kommunal medverknad og 2,1 mill. kr til oppfølging av museumsplanen sitt handlingsprogram

<b>Tiltak 2 Kulturelt utviklingsprogram (KUP)</b>	<b>Status</b>
KUP har vore ei viktig ordning for større satsingar. Ein håpar at musea gjennom programsatsingane kan søkje om fleire større museumsprosjekt	Nynorsk kultursentrum etablering av basisutstilling/nettutstilling Olav H. Hauge-senteret ( 2011-2013), 850 000 kr fordelt på 3 år. Utstillinga opna i september 2014.
<b>Tiltak 3 Museumsstrukturen - vurdering av vidare konsolideringar</b>	<b>Status</b>
Frå statleg hald er det ønskeleg med ytterlegare konsolideringar. Ein kan rekne med statleg medverknad i slike prosessar.	Det er ingen konsolideringsplanar i inneverande museumsplanperiode. Tiltaket står i samband med tiltak 4.
	Samstundes ser ein at kommunale museum ønskjer samarbeid med dei konsoliderte musea. I 2014 har det vore møte mellom Masfjorden kommune, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og Hordaland fylkeskommune om Bjørn West-museet
<b>Tiltak 4 Museum utanom dei konsoliderte musea – samarbeidsordningar</b>	<b>Status</b>
Lokale museum og samlingar som ikkje er del av konsoliderte einingar, har i regelen tre hovudalternativ for organisering:	Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har i brev til Radøy kommune gjort greie for alternative eigarformar knytt til mellom anna framtidig organisering av Bogatunet. Dialogen mellom Museum Vest og Espeland fangeleir har ikkje resultert i framdrift i mogleg samarbeid/konsolidering. Om Bjørn-West-museet, sjå punkt over. Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, er informert om situasjonen for NERA-museet, og dei ulike alternativa som kan vere aktuelle på kort og lengre sikt.
Kommunen/private driv museet/samlinga	
Kommunen inngår ein samarbeidsavtale med eit regionalt ansvarsmuseum som får eit museumsfagleg ansvar for museet. Kommunen betalar for denne tenesta	
Museet vert teke inn i eit konsolidert museum. Ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, og må såleis handsamast politisk av Hordaland fylkeskommune	
Eit krav for å gå inn i ei konsolidert eining, er at museet har ein økonomi som gjer det forsvarleg for den konsoliderte eininga å ta over ansvaret	

<b>Tiltak 5 Styrking av regionalt ansvarsmuseum</b>	<b>Status</b>
<p>Dette er eit prioritert tiltak i Regional plan for museum. Fem av dei konsoliderte musea er regionale ansvarsmuseum. Hordaland fylkeskommune vil ta eit økonomisk ansvar, under føresetnad om at kommunane som mottar tenester frå dei regionale ansvarsmusea er med i spleiselaget.</p>	<p>Av museumsplanmidlane i 2014 vart 300 000 kr tildelt dette tiltaket:</p> <p>100 000 kr. Til Museumssenteret i Hordaland</p> <p>50 000 kr til Museum Vest og Museumssenteret i Hordaland (utgreiing om Bjørn Vest)</p> <p>150 000 kr til Museum Vest: Espeland fangeleir og andre store oppgåver innan krigs- og okkupasjonshistoria</p>
<b>Tiltak 6 Ivaretaking av frivillig sektor</b>	<b>Status</b>
<p>Frivillig sektor er eit lokalt ansvar for kommunane, men fylkeskommunen har gjennom sin museumspolitikkk moglegheit til å ta grep på området. Etablering av regionale ansvarsmuseum er fylkeskommunens hovudstrategi.</p>	<p>Satsinga på bygningsvernkonsulentane og prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane» er to døme på korleis fylkeskommunen arbeider for å finne fram til gode samarbeidsmodeller med frivillige og museum.</p>
<b>Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum</b>	<b>Status</b>
<p>Dette er eit prioritert tiltak. KODE, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Baroniet i Rosendal er tematiske ansvarsmuseum med fagleg ansvar for sine tema i fylket. Definerings av kvart museum sine tematiske oppgåver og rolledeling mellom tema og geografi er ei vesentleg oppgåve i tiltaket.</p>	<p>For 2014 fekk Baroniet Rosendal 150 000 kr til utgreiing. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum leverte i 2014 si utgreiing om oppgåver og rolle som tematisk ansvarsmuseum. Alle dei tre ansvarsmusea har såleis fått midlar til dette tiltaket, slik at løyvingane er gjennomført.</p>

<b>Tiltak 9 Klargjering av Universitetsmuseet i Bergen si regionale rolle</b>	<b>Status</b>
<p>Universitetsmuseet i Bergen er eit statleg universitetsmuseum med mange fagfelt, både kultur- og naturhistoriske. Med si forankring i Universitetet i Bergen er museet ein viktig ressurs i styrking av dei forskingsrelaterte aktivitetar ved dei konsoliderte musea.</p>	<p>Universitetsmuseet i Bergen var invitert inn i faggruppa som arbeider med regional plan for kultur.</p> <p>Det har vore fleire møte mellom Universitetsmuseet i Bergen og Hordaland fylkeskommune, seksjon for kulturminnevern og museum, for å etablere eit pilotprosjekt der Fjell kommune får høve til å stille ut materiale som høyrer til Universitetsmuseet. Tiltaket <i>Museal lunsj</i> har fått støtte frå fylkeskommunal tilskotsordning, og er ein møtestad for musea og Universitetsmuseet med mellom anna forskning og formidling som aktuelle tema.</p>
<b>Tiltak 10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv</b>	<b>Status</b>
<p>Ingen av dei sju norske verdsarvstadene har eigne formidlingssenter, men Miljøverndepartementet arbeider med å forme statleg politikk på feltet. I Hordaland er formidlinga av Bryggen knytt til Bymuseet og Museum Vest, medan Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum har formidlingsansvar for Tyssedal kraftanlegg.</p>	<p>Bymuseet i Bergen og Museum Vest har gjennomført prosjekt om digital formidling av verdsarvstaden. Dei to musea fekk 100 000 kr av museumsplanmidlane til dette i 2014. Prosjektet er ferdigstilt.</p> <p>Dei to musea er no i gong med eit forprosjekt om verdsarvsenter. Seinare vil det også bli aktuelt å vidareutvikle formidlinga.</p>
<b>Tiltak 11 Vidareutvikling av økonomuseum</b>	<b>Status</b>
<p>Økonomuseum er ei levande handverksverksemd der handverkstradisjonar og historie vert synleggjort gjennom utstilling.</p>	<p>Det er ikkje løyvd midlar til dette tiltaket av museumsplanmidlane. Tiltaket har ikkje vore mellom dei ni prioriterte, og det er ikkje initiativ frå fylkeskommunen for å inkludere dei konsoliderte musea</p>

<b>Tiltak 12 Stimulere musea til å ta del i internasjonalt arbeid</b>	<b>Status</b>
<p>Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement. Musea skal ha ei viktig rolle i det internasjonale arbeidet, med føremål å heve kvaliteten på musea gjennom utveksling av kunnskap etc.</p> <p>Hordaland fylkeskommune etablerer møteplassar. Det er viktig at musea tar i bruk støtteordningar</p>	<p>Dei konsoliderte musea er med i fleire internasjonale samarbeidsprosjekt støtta av Hordaland fylkeskommune. Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og KODE har alle vore del av samarbeidsavtalen med Basse-Normandie. Museum Vest har fått støtte til samarbeid med Shetland. I oktober arrangerte HFK ein konferanse i Bergen i samarbeid med Scottish Government. Målgruppa var mellom anna musea – det å finne internasjonale samarbeidspartnarar. Det er ikkje løyvd midlar frå museumsplanen til dette tiltaket.</p>

<b>Tiltak 13 Etablering av nettverk for mellomalderklostre og pilgrimskyrkjene på Vestlandet</b>	<b>Status</b>
<p>Det skal etablerast eit nettverk for mellomalderklostra og pilgrimskyrkjene på Vestlandet</p>	<p>Det er etablert nettverk med årlege møtepunkt. Ein samarbeider og om utvikling av app.</p>

### **Kjerneområde Forvaltning**

Fokus på samlingane må aukast. Det må skje ei sterkare prioritering av arbeidet med den immaterielle kulturarven og samtidsdokumentasjon. Musea i Hordaland skal vere i fremste rekke nasjonalt på det digitale området. Ei viktig fellessatsing er Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Denne satsinga må halde fram. Tre gjenstandsgrupper fell utanom: større gjenstandar, fotografi, kunst i kategorien maleri og grafikk/papir.

<b>Tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern</b>	<b>Status</b>
<p>Av 33 kommunar i Hordaland er det berre Bergen som har eiga kulturminneavdeling (Byantikvaren). Mangel på kulturminnevernstillingar i kommunane gjev eit sårbart kulturminnevern på lokalt nivå. Ordninga med bygningsvernkonsulentar skal byggjast ut, slik at alle kommunar får tilgang til same teneste.</p>	<p>Dette er eit spleiselag mellom kommunar og fylkeskommune. Dei to siste stillingane innan denne ordninga er ved Museum Vest og Sunnhordland museum. Ein arbeider no for at desse vert permanente stillingar. Etterspurnaden etter slike stillingar er stor – både frå kommunar og museum ( sjå høringsinnspela til kulturplanen)</p>

<b>Tiltak 17 Utgreiing av nye fellestenester for fotografi</b>	<b>Status</b>
<b>Gjennom eit forprosjekt skal det utgreiast etablering av ei fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi</b>	Dette tiltaket høyrer ikkje med til dei prioriterte tiltaka i museumsplanen, og har så langt ikkje fått museumsplanmidlar. Ein ser behovet for at musea i større grad etablerer slike fellestenester .
<b>Tiltak 18 Nye fellestenester for konservering av biletkunst og skulptur</b>	<b>Status</b>
<b>KODE har sett i gang arbeid for å møte egne behov for magasinering og konservering av biletkunst og skulptur, samtidig som dette kan gje eit tilbod til andre museum og brukarar.</b>	KODE har fått 200 000 kr av museumsplanmidlar til utgreiing som knutepunktfunksjon. Denne utgreiinga er ikkje ferdigstilt.
<b>Tiltak 19 Nye fellestenester for konservering av papir, digitalisering og bevaring av elektroniske data og elektronisk skapte data</b>	<b>Status</b>
Bergen byarkiv får ansvar for å yte regionale fellestenester innanfor konservering av papirkunst, bøker og dokument	Musea er i dialog om spørsmål knytt til konservering av papir og korleis behov innan dette feltet kan løysast.
<b>Tiltak 21 Registrering og formidling av arkiv</b>	<b>Status</b>
<b>Alle musea må få tilgang til å registrere samlingane online i programvara ASTA</b>	Tiltaket er ikkje prioritert i museumsplanen. Det er ikkje løyvd midlar til dette tiltaket.
<b>Tiltak 23 Forvaltninga av kunstnarheimar</b>	<b>Status</b>
<b>I Hordaland finst fleire kunstnarheimar som er i privat eige og tilfredsstillande forvalta. Hordaland fylkeskommune bør vere merksam dersom forvaltningssituasjonen endrar seg. Olav H. Hauge-senteret er konsolidert med Nynorsk Kultursentrum, og bør inngå i eit fagleg samarbeid med KODE.</b>	Olav H. Hauge-senteret høyrer no til dei konsoliderte musea i Hordaland (sjå sak 57/2014 i Kultur- og ressursutvalet sitt møte 13. mai). Olav H. Hauge-senteret fekk 100 000 kroner av museumsplanmidlane i 2014 til å greie ut om rolle, samarbeid og oppgåver. Dette utgreiingsarbeidet startar opp i 2015.



Tiltak 24 Sorenskrivar garden på Hesthamar	Status
<p>Det er sett ned ei arbeidsgruppe (2011). Det trengs midlar til istandsetting. NIKU har laga planar for bevaring.</p>	<p>Tiltaket har tidlegare fått museumsplanmidlar. Ullensvang herad har og løyvd midlar. Istandsetjingsarbeidet er omfattande.</p>
Tiltak 26 Kulturlandskap	Status
<p>Baroniet i Rosendal, Museumssenteret i Hordaland og Hardanger og Voss museum arbeider med kulturlandskap som ein vesentlig del av museumsverksemda. Kulturlandskapet skal reknast til musea sine samlingar på line med bygningar og gjenstandar. Kulturlandskap skal såleis inn i arbeidet med samlingsplanar (tiltak 32) og det skal arbeidast for at kulturlandskap og hage med levande dyr og plantar bør inn i museumsstatistikken</p>	<p>I samband med felles plan for samlingsforvaltning (sjå tiltak 32), vart det arrangert møte hausten 2014 for å kartleggje og diskutere behov som var knytt til kulturlandskap og korleis temaet skulle få plass i planen.</p>
Tiltak 27 Krigs- okkupasjons- og forsvarshistorie	Status
<p>Museum Vest har eit koordinerande ansvar for temaet krig-, okkupasjons- og forsvarshistorie. Dei oppgåvene museet har for anlegga Fjell festning, Herdla torpedobatteri og konsolideringsprosess knytt til Espeland fangeleir, krev eit økonomisk løft.</p> <p>Temaet er aktuelt for dei fleste musea i fylket og ein viktig del av fylket si internasjonale historie og såleis også veileigna for internasjonale prosjekt</p>	<p>Museum Vest fekk 100 000 kroner til formidlingstiltak av museumsplanmidlane i 2014. Museet har delteke i internasjonalt arbeid gjennom samarbeid med institusjon i Basse-Normandie. Museet laga ei utstilling i samband med markeringa av D-dagen i juni 2014.</p>
Tiltak 28 Samtidsdokumentasjon og nyare historie	Status
<p>Samtidsdokumentasjon og fokus på nyare historie er en del av samfunnsoppdraget.</p>	<p>Ekstraløyvinga til utstillingar i 2013 (2 mill. kr) bidreg til fokus på samtid. Eit døme er Bruddutstillinga 2014. Denne vart vist i det offentlige rom, med kontroversielle tema frå tida etter 1945. Utstillinga om Sjømannskyrkja ved Bergens Sjøfartsmuseum opna også i 2014.</p>

Tiltak 29 Utlån/deponi i kommunane	Status
<p>Ein vesentleg del av gjenstandssamlinga ved Universitetsmuseet i Bergen er henta frå Hordaland. Det vil vere av interesse at gjenstandar kan lånast ut eller deponerast. Regionmusea kan vere ein kanal for slik praksis.</p>	<p>Ein har hatt møte med Universitetsmuseet om pilotprosjekt med Fjell kommune. Museum Vest kan då vere ein samarbeidspart/kontakt i dette prosjektet. Sjå tiltak 9.</p>
Tiltak 30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum	Status
<p>Musea i Hordaland bør vere i fremste rekkje nasjonalt innan det digitale området og ta initiativ til og utvikle prosjekt som kan få støtte til nasjonale midlar. Ein må prioritere arbeidet med digitalisering av gjenstandar, foto, film, lyd, kart, teikningar. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal framleis samordne arbeidet med PRIMUS</p>	<p>Tiltaket har fått museumsplanmidlar i 2013 og 2014. Løyvinga skal styrkje satsinga i det einskilde museum. Så langt har Hardanger og Voss, Bergens Sjøfartsmuseum, Baroniet Rosendal og Sunnhordland museum fått midlar.</p>
Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltinga, utviding og utvikling av Bevaringstenestene	Status
<p>Dette er eit prioritert tiltak. Det skal lagast ein felles plan for samlingsforvaltinga, som omhandlar både innsamling og forvaltning av eksisterande samlingar, inkludert kulturlandskap. Tiltaket skal gje samla oversikt over samlingane, ein må utvikle system og rutinar for samhandling, og få i stand ei tydeleg arbeidsdeling. Planarbeidet skal organiserast som eit prosjekt. Bevaringstenestene skal yte konserveringstenester innan mellom anna tre, metall og tekstil</p>	<p>Det er løyvd museumsplanmidlar i 2013 og 2014 til felles samlingsforvaltingsplan. Prosjektleiar har arbeidsstad ved Bevaringstenestene, og har i løpet av 2014 gjennomført fellessamlingar med musea og møte med den einskilde institusjon for å kartleggje behov. I tillegg har det vore eit møte med tema om kulturlandskap. Desse aktivitetane sikrar at musea får eigarskap til planen. Eit delprosjekt i arbeidet med samlingsforvaltingsplanen er registreringsarbeid for samlingane i Nordhordland. Dette prosjektet var ferdigstilt hausten 2014. Utviding og utvikling av Bevaringstenestene er mellom anna knytt til situasjonen for fellesmagasinet – status og kapasitet. Ei arbeidsgruppe skal sjå på korleis ei utviding av fellesmagasinkapasiteten kan skje.</p>

## Forsking og kunnskapsutvikling

### Rollefordeling og planlegging innan forskning og kunnskapsutvikling

*Delmål Musea skal styrkjast innan forskning og kunnskapsutvikling, og må ha planverktøy som definerer arbeidet*

### Forskingssamarbeid

*Delmål Musea skal auka forkingssamarbeidet, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljøet i kunnskapssektoren*

### Immateriell kulturarv

*Delmål Forsking, kunnskapsutvikling og formidling innan immateriell kulturarv skal prioriterast*

Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea	Status
<p><b>Dette er eit prioritert tiltak. Stortingsmeldinga <i>Framtidas museum</i> legg vekt på samarbeid mellom musea og universitet og høgsular.</b></p> <p><b>To tiltak som vert foreslått er at ein nyttar dei moglegheitene som Det regionale forskingsfondet gjev gjennom sine program. I tillegg bør ein vurdere oppretting av eit fagleg råd i samarbeid med Universitetet i Bergen.</b></p> <p><b>Ein foreslår også planlegging og gjennomføring av ein workshop der musea og representantar frå høgsular/universitet kjem saman for å diskutere ulike samarbeidsformer.</b></p>	<p>I mars vart det gjennomført møte mellom musea og Universitetet om forskning. Bymuseet i Bergen var arrangør i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Planlegging av møte starta i 2013 med utgangspunkt i museumsplanmidlar for 2013.</p> <p>Fylkeskultursjefen og fagkoordinator for museum og utvikling har vore med i arbeidsgruppa for regional forskingsstrategi 2015-2019.</p> <p>Musea arbeider no saman med Universitetet i Bergen om etablering av eit masterstudium som skal styrkje forskarkompetansen ved musea.</p>
Tiltak 35 Master- og doktorgradsstipend til bruk i musea	Status
<p>Hordaland fylkeskommune opprettar ein årleg pott på 200 000 kroner til åtte studentar som utfører masteroppgåver innan forskingsprosjekt ved musea. Musea skal vere søkarar. Dei skal delta med meirfinansiering for å styrkje tiltaket fagleg.</p> <p>Det skal også arbeidast for at det regionale forskingsfondet opprettar doktorgradstipend, øyremerkte prosjekt knytt til museum i Hordaland</p>	<p>Tiltaket er ikkje prioritert i museumsplanen, og det er ikkje sett av midlar til dette. Sjå også tiltak 34.</p>
Tiltak 36 Etablering av Hardingfelesenter	Status
<p>Dette er eit prioritert tiltak, og viser til at Hordaland har eit ansvar for den sentrale rolla Hardanger har innan hardingfeletradisjonen som såleis er ein viktig del av regionen sin immaterielle kulturarv.</p>	<p>Tiltaket fekk 300 000 kr. av museumsplanmidlar i 2013 til hovudprosjekt</p>

Forprosjektet er ferdig i mars 2013. Då skal ein arbeide med hovudprosjektet.

---

**Tiltak 37 Kompetanseheving innan immateriell kunnskap****Status**

Tiltaket er nasjonalt prioritert gjennom Kulturrådet. Hordaland vil kunne vere eit fagleg sentrum for handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. Det er behov for å styrkje kompetansen innan feltet, også i frivillig sektor og offentleg forvaltning. Dei konsoliderte musea må saman med andre aktørar initiere faglege samlingar, kurs og utdanning. Ein bør vurdere om Vestnorsk kulturakademi eller enkelte av dei konsoliderte einingane skal få ei sentral rolle knytt til kompetanseheving av handverkarar ved musea og anna personale.

Tiltaket fekk 50 000 kroner av museumsplanmidlane i 2014 til Museumssenteret i Hordaland og arbeidet for immateriell kunnskap gjennom Osterøy museum. Hausten 2014 arrangerte Osterøy museum eit dagseminar med fokus på tekstilarven og korleis ein kan samarbeide på tvers av institusjonar for å ta vare på kunnskapen. Fylkeskultursjefen deltok på seminaret.

---

**Tiltak 38 Mangfaldsperspektivet****Status**

Norsk kulturråd har mangfaldsperspektivet som eit prioritert tema. Det er nasjonal politikk at musea skal ha ei særleg viktig oppgåve i dokumentasjon og innsamling relatert til innvandring. Det vil vere eit vilkår for tildelingar frå Hordaland fylkeskommune si side at temaet er prioritert i musea sitt arbeid.

Dette tiltaket har ikkje fått midlar direkte gjennom museumsplanen.

**Formidling****Formidling av kunnskap og opplevingar**

*Delmål Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar og vera tilgjengeleg for alle*

**Musea i samfunnsdebatten**

*Delmål Musea skal vere aktuelle og ta ei aktiv rolle i samfunnsdebatten*

**Målretta formidlingstiltak**

*Delmål Musea skal ha målretta formidlingstiltak og tilrettelegging for ulike grupper, med vekt på born og unge*

---

**Tiltak 39 Styrking av digital formidling****Status**

Tiltaket har samanheng med at det må skje ei radikal utvikling på området digital formidling. Nettbasert formidling høyrer saman med satsinga på digitalisering av samlingar.

Sjå tiltak 30

Tiltak 40 Prosjekttilskot til faste utstillingar	Status
Tiltaket inneber at musea bør prøve ut nye formidlingsformer. Kompetansen på utstillingsdesign må styrkast. Det er eit generelt behov for å oppgradere basisutstillingane. Dette er ein kritisk faktor i arbeidet med å skape aktuelle museum. Hordaland fylkeskommune skal vurdere ein eigen budsjettpost til dette føremålet. Dette er avhengig av ei styrking av totalbudsjettet.	Det er eit generelt behov for å styrkje utstillingsarbeidet ved musea, både temporære og faste utstillingar. I 2013 vart det gitt ei tilleggsøyving på 2 mill. kr. til utstillingar. Det er ikkje grunnlag for ei fast, separat ordning.
Tiltak 41 Universell utforming	Status
Tiltaket viser til at musea er pålagt å ha universell utforming av verksemda sin «alminnelege funksjon» etter diskriminerings- og tilgjengelova. Musea skal innrette seg etter Hordaland fylkeskommune sin plan for universell utforming	I tildelingsbrev vert kravet om universell utforming understreka.
Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten	
<b>Dette er eit prioritert tiltak, og viser hovudmålet i Hordaland fylkeskommune si museumspolitik. Musea skal vere synlege samfunnsaktørar.</b>	Det vart ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket i 2014. Ein viser til tidlegare løyvingar i 2012 og 2013. For 2014 er resultatata synlege særleg i musea sine utstillingar.
Tiltak 44 Medverknad ved store jubileum	Status
<b>Musea i Hordaland bør vere aktive i planlegging av prosjekt i tilknytning til større jubileum. Grunnlovsjubileet 2014 er den største hendinga i planperioden.</b>	Det vart løyvd 100 000 kr til Hardanger og Voss museum av museumsplanmidlane for 2014. Museet hadde fleire utstillingsprosjekt i jubileumsåret. Musea har elles nytta fleire tilskotsordningar til å søkje om arrangement og utstillingar, og var aktive i jubileumsåret.

Tiltak Den kulturelle skulesekken	Status
<p><b>Born og ungdom er viktige målgrupper for musea. Den kulturelle skulesekken er sentral i denne sammenhengen. Musea er ein mykje brukt arena for produksjonar i regi av Den kulturelle skulesekken. Framover bør musea i større grad vere produsent av tilbod for den kulturelle skulesekken, og DKS må innrettast slik at ordninga vert tilgjengeleg for alle musea i Hordaland. Det skal opprettast ei faggruppe i DKS for formidling i museum. Særleg skal musea få ei sterkare rolle som produsent av vandrestillingar.</b></p>	<p>Det er oppretta faggruppe for kulturminnevern og museum i 2014. Faggruppa sitt arbeid er kopla opp mot eit fagleg råd, med representant frå Hordaland museums lag. Kultur- og idrettsavdelinga, gjennom den kulturelle skulesekken, skal arbeide aktivt opp mot musea med mellom anna orientering på årsmøtet for Hordaland museums lag i 2015.</p>

Tiltak 46 Musea og reiselivet	Status
<p><b>Musea skal vere aktive aktørar i reiselivet. Musea og reiselivsfeltet må saman utgreie musea som attraksjon og reiselivsmål. Fleire museum har opplegg som er retta mot reiselivet.</b></p>	<p>Det er ikkje løyvd museumsplanmidlar til dette tiltaket. Arbeidet opp mot reiselivet er viktig del av musea si verksemd. Gjennom Riksantikvaren og fylkeskommunen sine verdiskapingsprogram er reiseliv og museum sentrale aktørar.</p>